

ID. 87.23  
MHBE/thm

Ordførarar og rådmenn/kommunedirektørar i Sunnhordland  
Ordførar og kommunedirektør i Haugesund  
Ordførar og kommunedirektør i Vindafjord

## **INNKALLING TIL MØTE I SUNNHORDLANDSRÅDET**

Fredag 27. oktober kl. 09.30.  
Oppmøte ved Norwater sine produksjonslokale, Sunde Industriområde 6.

### Tidsplan:

Kl. 09.30	Velkommen v/ Vegard Bjørnevik, ordførar Kvinnherad
Kl. 09.40	Norwater AS v/ Bjørn Bjelland Mathisen, sales manager
Kl. 10.20	Møteslutt hjå Norwater. Forflytter oss til møtelokale hjå Kvinnherad Arena
Kl. 10.35	Presentasjon av alle i regionrådet
Kl. 11.10	Region Sunnhordland v/ Tora Haslum Myklebust, dagleg leiar
Kl. 11.30	Lunsj samt presentasjon av Bra Lunsj v/ Tommy person
Kl. 12.15	Sakshandsaming
Kl. 14.30	Møteslutt

### Sakliste:

Sak 29/23	Godkjenning referat frå møte i Sunnhordlandsrådet 19. september
Sak 30/23	Møteplan 2024
Sak 31/23	Bruk av tiltakspotten
Sak 32/33	Geopark Sunnhordland - val av representant
Sak 33/33	VLFK Klimarådet - val av representant
Sak 34/33	Atheno - val av representant
Sak 35/33	KIK Sunnhordland (kulturmiljø og bygningsvern Sunnhordland) - val av rep.
Sak 36/33	Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen
Sak 37/33	Møte med Hordalandsbenken og ulike departement 2024
Sak 38/33	Arendalsuka -evaluering og plan for neste år
Sak 39/23	Skriv og meldingar
	a) Sunnhordland Ungdomsråd 6. november
	b) Kommunekonferanse - Kommunane møter staten 29-30. november
	c) Regionrådsmøte 7. des. og fellesmøte med Haugalandrådet 8. des.
	d) Felles formannskapsmøte 16. februar 2024
Sak 40/23	Ymse

Sunnhordland, 20. oktober 2023

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

**MØTEBOK**

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 30/23  
MHBE/thm

### **Møteplan 2024**

Sjå vedlagt forslag til møteplan for 2024. Nokon datoar er merka med «tentativ», grunna avklaringar som må landast både med både dykk i regionrådet og våre samarbeidspartnarar.

Møteplan 2024 blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet.

### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet godkjenner møteplan for 2024 slik den ligg føre.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

### **Bruk av tiltakspotten**

Kommunane løyver 7 kr. pr. innbyggjar til tiltakspotten. Tiltakspotten er Region Sunnhordland sin eigenfinansiering som kan nyttast inn i ulike prosjekt. Det er Sunnhordlandsrådet som skal vedta kva midlane skal nyttast til. Dette med bakgrunn av prosjektplan og/eller ei sakshandsaming. Saldo pr. 27.10.2023 er ca. på kr. 1 400 000,-

I 2021 blei Sunnhordland sertifisert som Berekraftig reisemål. Ei merkeordning i regi av Innovasjon Norge, som skal sikre at me utviklar eit reiseliv som er til det beste for både tilreisande, fastbuande og framtidige generasjonar. Visit Sunnhordland og Visit Voss var dei fyrste i Vestland fylkeskommune med denne sertifiseringa. Dei andre Visit-selskapa følgjer på ein etter ein. Sertifiseringa blir sett på som eit svært viktig kvalitetsstempel av både reiselivsnæringa og reisande. Det er til dømes ein auke i turoperatørar som vel ruter ut i frå berekraftige reisemål. Sertifiseringa er og viktig for det arbeidet som UNESCO Geopark Sunnhordland skal fremje.

Kvart tredje år må me resertifiserast, for å vise både at me oppretthald nivået frå førre sertifisering og at me utviklar oss i ei berekraftig retning. Dette er eit arbeid som er estimert til ca. 250 timar og det må blant anna leigast inn ein godkjent prosessveileiar. Resertifiseringa vil gjennomførast av Region Sunnhordland sin økonomi og berekraftsansvarlege, i tett samarbeid med vår reiselivsansvarlege og innleigd prosessveileiar. I tillegg til kostnader med prosessveileiar, kjem det ein kostand på kr. 70 000,- til kontrollør, som skal godkjenne sertifiseringa. Me søker Innovasjon Norge om kr. 200 000,-, som er maksbeløpet som kan søkast om. For at budsjettet i søknaden skal gå opp treng me å nytte inntil kr. 240 000,- frå tiltakspotten.

I tillegg til det nemnte prosjektet over, så ynskjer administrasjonen å søke om å bruke kr. 38 500,- frå tiltakspotten til å løyse ut kr. 346 500,- frå Vestland fylkeskommune til å bruke til prosjektet yrkesfagdag. Dette er tredje gong me søker desse midlane. Dei to føregåande åra er bruken av tiltakspotten til dette prosjektet blitt godkjent. Pengane blir fordelt på fire ulike arrangement i regionen, kor alle på 10. trinn i Sunnhordland blir invitert til å bli betre kjent med kva mogelege yrkesfag ein kan velje blant i vidaregåande opplæring. Sunnhordland har nok læreplassar, men manglar lærlingar. Med dette prosjektet synleggjer me dei ulike moglegheitene elvane står ovanfor, og stimulerer fleire til å velje yrkesfag.

Administrasjonen i Region Sunnhordland bed Sunnhordlandsrådet om å få bruke inntil kr. 278 500,- til å dekke eingongskostnadene i prosjekta som er omtalt over.

### **Framlegg til vedtak:**

1. Sunnhordlandsrådet løyver inntil kr. 240 000,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Innovasjon Norge på kr. 200 000,-
2. Sunnhordlandsrådet løyver kr. 38 500,- frå tiltakspotten til å løyse ut prosjektmidlar frå Vestland fylkeskommune på kr. 346 500,-

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 32/23  
MHBE/thm

**Geopark Sunnhordland - val av representant**

Geopark Sunnhordland AS er eit dotterselskap under Region Sunnhordland. Ordførar Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim har vore Sunnhordlandsrådet sin representant i Geopark Sunnhordland sitt styre, sida etablering av selskapet i 2021. På grunn av at det er valår, må ho godkjennast av det nye regionrådet eventuelt at de vel ein ny representant. Det må og veljast ein vararepresentant.

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i styret til Geopark Sunnhordland, med ..... som vararepresentant.

**MØTEBOK**

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 33/23  
MHBE/thm

**VLFK Klimarådet - val av representant**

Som del av utarbeiding av regional plan for klima har deltakarar frå ulike delar av Vestland blitt invitert til å delta i planprosessen. Det er oppretta ei politisk samarbeidsgruppe, der politiske leiarar frå ulike regionråd og samarbeidsalliansar i Vestland har delteke. Etter vedtak i Fylkestinget inviterte Vestland fylkeskommune til vidareføring av denne gruppa som Klimaråd Vestland.

Klimaråd vestland blei starta opp i 2023, for å styrke og vidareutvikle det regionale klimasamarbeidet gjennom eit formell samarbeid. Rådet vil fungere som eit politisk råd leia av fylkesvaraordførar, for oppfølging av vedteken plan og handlingsprogram, samt andre regionale og kommunale klimamål. Dette vil skape styringseffektar på tvers av kommunar og forvaltningsnivå og gjere klimafylket Vestland meir synleg, slagkraftig og resultatretta i klimaarbeidet. Klimarådet tek opp klimasaker generelt og spesielt saker av politisk interesse for Vestland og vestlandskommunane. Rådet skal ta opp tiltak i klimaplanens handlingsprogram og kommunale klima- og energiplanar der politisk initiativ kan medverke til betre måloppnåing og resultat. Klimarådet kan samarbeide med andre nettverk og fora med tilsvarande føremål.

Fylkeskommunen inviterer Sunnhordlandsrådet til deltaking med ein representant, samt vararepresentant.

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i Klimaråd Vestland, med ..... som vararepresentant.

**MØTEBOK**

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 34/23  
MHBE/thm

**Atheno - val av representant**

Atheno AS driv det regionale næringsutviklingsarbeidet i Sunnhordland. Sunnhordlandsrådet har dei siste åra deltatt som observatør i Atheno AS sitt styre. Det er fortrinnsvis regionrådsleiar som har hatt denne rolla, men dei siste åra er det nestleiar Linn Therese Erve som har møtt.

**Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin observatør i Atheno AS sitt styre, med ..... som vararepresentant.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 35/23  
MHBE/thm

### **KIK Sunnhordland (kulturmiljø og bygningsvern Sunnhordland) - val av representant**

#### **Bakgrunn**

I 2022 blei det etablert eit samarbeidsprosjekt i Sunnhordland med mål om å styrka kommunane sin kompetanse på forvaltning av kulturmiljø, og å styrka den regionale bygningsvernkompetansen. Prosjektet var finansiert ved hjelp KIK-midlar (Kulturminne i kommunen) frå Riksantikvaren. Sveio er vertskommune for arbeidet. Det er etablert eit fagleg nettverk på kulturmiljøfeltet, og dette har gitt eit løft for kompetansen på feltet i samarbeidskommunane.

Som oppfølging av dette arbeidet blei det søkt om tilskot til ein verdiskapingsprosjekt med fokus på bevaring og ny bruk av sjøbruksbygningar. Bygningane langs kysten er særleg utsette for klimapåverknad og er under press i samband med utbygging i strandsona. Målet med prosjektet er å sjå på kulturminna langs kysten som ein ressurs for lokal utvikling og verdiskaping. Gjennom prosjektet skal me få betre oversikt over kulturmiljøa som finst i regionen, kva tilstand dei er i og kva føresetnadar som legg til rette for, eventuelt hindrar, ny bruk av bygningane. Det er gjort avtale med eigarar av fleire prosjekt der me vil følgja prosessane fram mot restaurering og ny bruk.

Riksantikvaren har gitt tilsegn om inntil 1 million kroner over to år til dette arbeidet. Vestland fylkeskommune bidreg med kr 200 000, som er øyremerkt registreringsarbeidet. Det innsamla materialet skal mellom anna gå inn som del av kunnskapsgrunnlaget for ny regional plan for areal, natur og kulturminneressursar. Vern gjennom bruk er eit overordna mål i kulturmiljøforvaltninga. Gjennom regionalt samarbeid ønsker me å etablere ein kunnskapsbasert praksis i forvaltninga, som legg til rette for berekraftig bevaring og bruk av bygningar og kulturmiljø i strandsona.

Styringsgruppa for det etablerte KIK-prosjektet står bak søknaden. Medlemene i styringsgruppa vil vera med vidare i styringsgruppa for det nye prosjektet (kort omtala som «Prosjekt sjøbruksbygningar»), og fungera som ei arbeidsgruppe med ansvar for den daglege framdrifta i prosjektet. Me ønskjer å utvida styringsgruppa med representantar med ulik kompetanse og gjerne med tilknytning til dei kommunane som ikkje er representerte i gruppa i dag. Det blir arbeidd med å få på plass namn på nye medlemmer i styringsgruppa.

#### **Noverande styringsgruppe**

Elisabeth Holme Grønnevik, Bømlo kommune; Ragnhild Tveit, Stord kommune; Kristin Magnussen, Austevoll kommune og Linda Øen, Sunnhordland museum. Prosjektleiari Ellen Tveit (Sveio kommune).

#### **Utvida styringsgruppe**

Vestland fylkeskommune v/Gunnbjørg Austrheim og Berit Alise Høivik

Kommunerepresentant med plankompetanse

Politisk representant peika ut av regionråd, med kompetanse på nærings- og stadsutvikling

#### **Referansegruppe**

Ansvarlege for arbeidet med kulturmiljø i alle kommunane (prosjektgruppe for KIK Sunnhordland)

Bygningsvernkonsulent Bjørn Arve Lunde.

Plan- og byggjesaksavdelingane i kommunane

Sunnhordlandsrådet IKS

Eigarar av prosjekta som er del av søknaden

Geopark Sunnhordland

#### **Framlegg til vedtak:**

Sunnhordlandsrådet vedtar samrøystes ..... som regionrådet sin representant i KIK Sunnhordland, med ..... som vararepresentant.



## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 36/23  
MHBE/thm

### **Konseptvalutgreiing E134 arm til Bergen**

Statens vegvesen har på oppdrag frå Samferdselsdepartementet utarbeida konseptvalutgreiing for E134 arm til Bergen. Utgreiinga analyserer ulike løysingar for eit meir effektivt vegsamband mellom E134 og Bergensområdet. Samferdselsdepartementet har bede Statens vegvesen om å sende konseptvalutgreiinga på høyring til lokale og regionale myndigheiter, samt andre interessentar.

Høyringsfrist er 31. desember 2023.

Utgreiinga og vedlegg kan ein finne og laste ned på:  
[www.vegvesen.no/vegprosjekter/prosjekt/kvue134armtilbergen/](http://www.vegvesen.no/vegprosjekter/prosjekt/kvue134armtilbergen/)

Høyring blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet den 27. oktober. Endeleg framlegg til uttale blir handsama i Sunnhordlandsrådet sitt møte den 7. desember.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 37/23  
MHBE/thm

### **Møte med Hordalandsbenken og ulike departement 2024**

Sunnhordlandsrådet har årlege møter med Hordalandsbenken og ulike departement. Møta pleier å finne stad i Oslo andre veka i januar. I år hadde me møte med Olje. Og energidepartementet, Barne- og familiedepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Samferdselsdepartementet og Næringsdepartementet. Sjå vedlagt oversikt i Excel som viser kva saker som blei fremma.

Det er avtalt møte med Hordalandsbenken 9. januar 2024 kl17-18. Det er ynskjeleg for Hordalandsbenken at dei i forkant av møte med oss, mottar kva tema me ynskjer å legge fram. I januar 2023 la me fram følgjande saker:

1. Samferdsel
  - Ferjefri E39.
  - Vintersikker E134.
  - Sunnfast.
  - Korleis sikre vegsamband som ikkje ligg i «pakkar»?
2. Grøn region Sunnhordland
  - Grøn næringspark i Kvinnherad.

- Hawind.
  - Hydrogen.
  - Styrking av katapultordninga og vidare satsing på modne maritime klynger.
  - Framtidig kraftbehov.
3. Reiseliv/kultur
- Geopark Sunnhordland AS.
  - Visit Sunnhordland – Åkrafjorden.
  - Fartein Valen.
4. Diverse
- Forsvarets øvingsområde i sjø.
  - Korondekning av kostnader for kommunane.
  - V/A - reinsekrah og avgiftsauke.
  - Helse - Konkurransen vedr. rekruttering av legar og fagutdanna helsepersonell til kommunane.
  - Utvikling av Fiskerihavn Langevåg.
  - Innspel til regionalt næringssamarbeid - korleis utvikle regionen vår saman.

Innhald for dei ulike møta blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet.

MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 38/23  
MHBE/thm

### **Arendalsuka -evaluering og plan for neste år**

Sjå vedlagt evaluering for årets deltaking under Arendalsuka. Sunnhordlandsrådet har dei tre siste åra deltatt på Arendalsuka i samarbeid med Haugalandrådet. Me har hatt arrangement med fokus på hawind og grøn industriutvikling. Arendalsuka er blitt ein viktig politisk arena, kor ein på få dagar får gjennomført svært mange møter og får aktuelt fagleg påfyll. Det er på mange måta blitt haustens startskot for det kommande politiske arbeidet.

Viss administrasjonen skal tilretteleggje for gjennomføring i 2024, så er det ein fordel å allereie tinga overnatting og arena for arrangement. Gjennomføring av arrangement under Arendalsuka 2024 og eventuelt format på det, blir lagt fram til drøfting i Sunnhordlandsrådet.

## MØTEBOK

Sunnhordlandsrådet

Fredag 27. oktober 2023 kl. 12.15  
Kvinnherad Arena

Sak 39/23  
MHBE/thm

### Skriv og meldingar

#### a) Sunnhordland Ungdomsråd 6. november

Region Sunnhordland inviterer i samarbeid med Moster 2024, leiar og nestleiar i ungdomsråd i Sunnhordland til møte den 6. november. Om ordførarane i Sunnhordland har anledning til å delta så er de hjarteleg velkomne. Program for dagen:

Kl. 11.30 Lunsj

Kl. 11.45 Velkommen v/ Tora Haslum Myklebust

Kl. 12.00 Innlegg og samtale med Noregs yngste ordførar Håvard Handeland,  
Sauda kommune

Kl. 12.30 Presentasjon av Moster2024 v/ Svein Olav Langåker og Vilde Lundal Santell

Kl. 12.45 Verdisamtale: Ungdommane frå ungdomsråda blir delt i grupper og får i oppgåve snakka om kva verdiar som er viktige for framtida. Kva vil stå seg om 100 eller 1000 år?

Kl. 13.10 Pause

Kl. 13.20 Verdisamtale i plenum: Alle grupper legg fram sine forslag – og me har ein samtale om kva verdiar som er viktige for framtida.

Kl. 14.00 Pause

Kl. 14.10 Presentasjon av Region Sunnhordland v/ Tora H. Myklebust og Nina H. Matre

Kl. 14.30 Samtale med ungdomsråda: Korleis kan ein få unge til å flytta heim etter utdanninga?

Kl. 15.00 Vel heim

#### b) Kommunekonferanse - Kommunane møter staten 29-30. november

Til informasjon blir haustens kommunekonferanse – Kommunane møter staten – arrangert onsdag 29. og torsdag 30. november 2023. Samlinga blir denne gangen lagt til Fretheim Hotel, i Flåm. Lenke til hotellet: [https://www.norwaysbest.com/no/fretheim-hotel/?gclid=EAlalQobChMI7drEys3s\\_QIVGJBoCR0T1wkwEAAAYASAAEgLGafD\\_BwE](https://www.norwaysbest.com/no/fretheim-hotel/?gclid=EAlalQobChMI7drEys3s_QIVGJBoCR0T1wkwEAAAYASAAEgLGafD_BwE)

- c) Regionrådsmøte 7. desember og fellesmøte med Haugalandrådet 8. desember**  
Den 7. desember skal Sunnhordlandsrådet ha møte på Stord, og dagen etterpå er det fellesmøte med Haugalandrådet. Stortingsrepresentantane for Vestland og Rogaland blir invitert til å delta i møta. Vestland sine stortingsrepresentantar blir og invitert til Sunnhordlandsrådet sin middag om kvelden den 7. desember. Då blir dei avtroppande ordførarane takka av.

Tema fellesmøte den 8. desember som har vore diskutert, er våre felles prosjekt og utfordringar:

- Bu- og omdøme prosjekt
- Utanforskap
- Hawind og grøn industriutvikling

**d) Felles formannskapsmøte 16. februar 2024**

Den 16. februar 2024 blir det felles formannskapsmøte for alle formannskapa i Sunnhordland. Det vil bli ein gjennomgang av ulike regionale tiltak og prosjekt. Her vil formannskapa bli betre kjent med både Region Sunnhordland (Visit Sunnhordland, Bu i Sunnhordland, Geopark Sunnhordland, Rein Hardangerfjord) og Atheno (Invest in Sunnhordland) sitt arbeid.